

NOTTVEIT ENERGI AS
p.b.14
5732 MODALEN

Vår dato: 03.07.2025

Vår ref.: 201400003-37 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme, rho@nve.no

Godkjenning av detaljplan - Overføring Botnaelva - Nottveit kraftverk - Modalen kommune

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for overføring Botnaelva ved Nottveit kraftverk.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 12.05.2025 for bygging av overføring Botnaelva ved Nottveit kraftverk i Modalen kommune.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal ikkje tilførast vekstmassar som inneheld framande artar. Dersom såing vert vurdert som nødvendig skal det nyttast stadtilpassa frøblanding.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon datert 27.04.2016¹ og vedtak om utset byggefrist² datert 27.03.2023. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen³ datert 20.12.2011 post 4.

¹ 200700908-36

² 200700908-42

³ 200700908-19



Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

Nottveit kraftverk vart sett i drift i 2021, med inntak i Nottveitelva og kraftstasjon i fjell . I 2016 vart det gitt konsesjon til å overføre Botnaelva til hovudinntaket ved Nottveit kraftverk, og i vedtak datert 23.03.2023 ga NVE utsett frist for å byggje overføringa.

Detaljplanen

Det vert etablert ein demning på kote 295 i Botnaleva, utført med stein som vert sikra med boltar. Ho vert 0,5 meter høg og maksimalt 2 meter brei. Vassvegen vert etablert som ein sprengd tunnel. Dette er ei endring i høve til det som ligg til grunn for NVE sitt konsesjonsvedtak, der det var opplyst at vassvegen skulle borast. Sjølve overføringa er om lag 250 meter lang. Det er ikkje sett krav om slepp av minstevassføring frå Botnaelva.

Det skal ikkje byggjast nye vegar i samband med tiltaket. Det vert ikkje etablert nye rigg- og lagerområde som følgje av tiltaket. To av områda (R1 og R2) som var i bruk då Nottveit kraftverk vart bygd vert nytta i tiltaket.

Det er gitt anleggskonsesjon til Nottveit kraftverk i vedtak datert 08.10.2020.

Detaljplanen vart sendt på høyring 13.05.2025 til Modalen kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Fråsegner

NVE har motteke fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland i e-post datert 12.06.2025. Statsforvaltaren skriv:

«Vi legg til grunn at naturmiljøet blir ivareteke så godt som råd, i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova om berekraftig bruk. Dette inneber mellom anna å minimere nye naturinngrep, og at området blir stelt til att etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og den naturlege frøbanken.

Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243.

Vi konstaterer at tiltakshavar vil sende søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløye for tunneldrifta som inkluderer sprenging av overføringstunnelen».

Modalen kommune og Vestland fylkeskommune har ikkje gitt fråsegn til detaljplanen.

Vurderingar av fråsegner

I e-post datert 17.06.2025 stadfestar konsesjonæren at det så godt som mogeleg vert teke omsyn til naturmiljøet ved å minimere naturinngrep under prosjektet og å sette i stand



området etter moderne praksis. Vidare er det stadfestar konsesjonæren at regelverket i forhold til handtering av stein- og jordmassar vert etterlevd og at det vert sendt oppdatert søknad om utsleppsløyve for tunneldrift til Statsforvaltaren.

Vurdering av omsøkt endring frå borhol til tunnel

Endringa er mellom anna grunn gitt i at overføringa er nærmast flat og at det dermed er vanskeleg å få boraksen ut av borholet. Konsekvensen er at det vert større mengd overkotsmassar frå prosjektet. Det er opplyst at desse vert nytta til å byggje opp eksisterande veg til hovudinntaket, og at resterande overskotsmassar vert permanent lagra i deponi som vart oppretta då Nottveit kraftverk vart bygd. Med bakgrunn i dette vurderer NVE at endringa frå bora til sprengd tunnel vil ha mindre verknader for miljø og landskap.

Vurdering av flaum og skredfare

Flom og skredfare er vurdert slik i detaljplanen: «*Det er verken spesiell flom- eller skredfare forbundet med utbyggingen*» NVE har søkt i aktsemdskart. Det er ikkje registrert aktsemdsområde i det aktuelle området. Vi minner likevel om at det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å gjennomføre risikovurderingar med tilhøyrande tiltak. Dette gjeld både for byggje- og driftsfasen.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom handsaming av søknad om utsett byggjefrist og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i vedtak datert 23.03.2023. NVE har søkt i artskart og naturbase 26.06.2025, og det er ikkje kome fram ny informasjon som ikkje var kjend og vurdert i vedtak om utsett byggjefrist.

Grunngjeving for særskilde vilkår

I detaljplanen er det opplyst at berørte område vert sette i stand med stedlig masse, alternativt at det vert tilkøyrd masse ved mangel på lokal vekstmase. Det er og opplyst at tilsåing kan vurderast, men at det er lagt opp til å unngå dette. Dersom massar vert tilkøyrd legg NVE til grunn at dette er reine massar som ikkje innheld framande eller uønska artar. Dersom det vert vurdert som nødvendig å så i anleggsområdet, skal det nyttast stadtilpassa frøblanding. NVE set vilkår om dette.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.



De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter for utbygging og drift av anlegget.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Modalen kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Modalen kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
fagleiar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av ED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Energidepartementet (ED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

**Mottakarliste:**

NOTTVEIT ENERGI AS

Kopimottakarliste:

Modalen kommune

EINAR SOFIENLUND

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE